



SPORTSPLAN



BJØRGUM IL - FOTBALL

Versjon 6 – Revidert februar 2025



INNHALD

1. INNLEIING	3
2. VERDIGRUNNLAG	3
3. FOTBALL - EIT LAGSPEL BÅDE PÅ OG UTANFOR BANA	4
4. SPORTSLEG ORGANISERING	5
4.1 ÅRSMØTE	5
4.2 STYRET	6
4.3 FOTBALLGRUPPA	6
4.3.1 FAIR PLAY GRUPPA	7
5. MÅL OG OVERORDNA RETNINGSLINJER	7
5.1 HOVUDMÅL OG RETNINGSLINJER FOR BARNEFOTBALL	8
5.2 HOVUDMÅL OG RETNINGSLINJER FOR UNGDOMSFOTBALL	8
5.3 SAMARBEIDSAVTALE	8
5.4 HOVUDMÅL OG RETNINGSLINJER FOR SENIORFOTBALL	9
6. VISJON OG VERDIAR I PRAKSIS	9
6.1 SPELAREN	9
6.2 TRENAREN	10
6.3 LAGLEIAREN	12
6.4 DOMMAREN	13
6.5 KAMPVERT	13
6.6 KIOSK- OG MARKNADSNEMDREPRESENTANT	14
6.7 FORELDRE/FØRESETTE	14
7. ORGANISERING AV LAG I BARNEFOTBALL	15
7.1 BARNEFOTBALL ER LEIKBETONT	16
7.2 DET VIKTIGASTE ER Å VERA SAMAN MED VENER	16
7.3 ALLE SKAL SPELA LIKA MYKJE	16
7.4 LÆR BORNA Å TOLA BÅDE SIGER OG TAP	16
7.5 TRENING OG KAMP	17
7.6 BARNEFOTBALL ER ALLSIDIG AKTIVITET	17
7.7 FOTBALL ER EIT SPEL	17



7.8	TRIVNAD FOR LITEN OG STOR	17
7.9	CUPAR.....	17
8.	ORGANISERING AV LAG I UNGDOMSFOTBALL	18
9.	HOSPITERING OG BRUK AV SPELARAR.....	19
10.	KEEPERTRENING OG UTVIDA AKTIVITETSTILBOD.....	19
11.	DOMMARAR	20
12.	ANLEGG OG UTSTYR	20
13.	SOSIALT SAMVÆR	21
14.	TRENARGOODTGJESLE.....	21
15.	SOSIALE MEDIA	21
16.	REFUSJON AV UTGIFTER	22



1. INNLEIING

Denne Sportsplanen skal fungera som eit verktøy og som eit hjelpemiddel for utøvarar, trenarar, lagleiarar, foreldre/føresette og andre som er interessert i Bjørgum IL - Fotball.

Sportsplanen har fokus på lokal tilhøyrigheit, klubbstyrt utvikling og ikkje minst sterk foreldreinvolvering. Den skal gje informasjon og vera retningsgivande for korleis me jobbar og ynskjer å utvikla oss som klubb, samt bidra til å styrkje klubbkjensla. Alle trenarar og lagleiarar skal setje seg inn i Sportsplanen, og arbeide ut i frå retningslinjene som gjeld for det alderstrinnet dei er knytt til.

Revidering av Sportsplanen skal skje kvart andre år dersom det føreligg innspel, og desse innspela skal rettast til fotballgruppa i Bjørgum IL v/ leiar. Sportsplanen skal vidare godkjennast av Styret i Bjørgum IL, og endeleg godkjenning vert gjort av medlemmane gjennom Årsmøtet


2. VERDIGRUNNLAG

Bjørgum IL sitt verdigrunnlag tek utgangspunkt i Norges Fotball Forbund (NFF) sin visjon om «Fotballglede, moglegheiter og utfordringar for alle». Ynskje er at fotballen skal vera ein stad der alle kan finna tilhøyrigheit. Dette vil idrottslaget gjera gjennom å fremja verdiane tryggleik, glede, respekt, likeverd og medmenneskelighet.

I Bjørgum IL inneber det at me vil lukkast saman, verta best saman og vera inkluderande både innad i laget, og på tvers av lag og alder.

DET SKAL VERA KJEKT Å SPELA FOTBALL PÅ BJØRGUM!

Me ynskjer at all fotballaktiviteten skal ta utgangspunkt i NFF sin Breiddeformel:





Denne breiddeformelen gjev føringar for korleis me ynskjer å driva aktiviteten vår i Bjørgum IL:

Barne – og ungdomsfotball skal kjenneteiknast ved:

Trygge sosiale rammer - Fair play - Gode meistringsopplevingar - Eit differensiert treningstilbod - Eit jamnbyrdig kamptilbod - Spelaren skal verta sett av dei vaksne rundt laget – Alle skal få utfordringar på sitt nivå

Hovudmål for perioden:

Bidra til auka kompetanse hjå trenarar, der igjen auka kvalitet i treningsarbeidet - Tilby et differensiert treningstilbod - Skapa eit jamnbyrdig serie- og kamptilbod - Alle skal få mykje speletid - Unngå topping av lag

Med utgangspunkt i verdigrunnlaget skissert over har Bjørgum IL som mål å gje alle born og unge i nærområdet eit tilbod om å spele fotball. Bjørgum IL fotball vert marknadsført via Bjørgum Skule, samt på vår eiga nettside og via Facebook. Frå den hausten borna byrjar i fyrste klasse skal dei få tilbod om å knytte seg til idrottslaget. På denne måten vil dei få tilbod om deltaking på haustens Serieturning(ar) og cupar, få tildelt treningstider på Idrottsplassen og i gymsalen på Bjørgum skule. Me har von om at alle skal få eit så godt tilbod som mogeleg så lenge som mogeleg som fotballspelarar i Bjørgum IL.

Sportsplanen er vårt viktigaste styringsreiskap for å nå dei måla me set oss, og den set krav til spelar, trenar, støtteapparat, foreldre og idrottslag.

Som Idrottslag ynskjer Bjørgum IL å etablera gode samarbeid med andre idrottslag/klubbar i og rundt Voss. Dette samarbeidet skal føregå på overordna nivå, jmf fotballgruppa ev. styret, og ikkje mellom enkeltpersonar. Innspel i høve samarbeid skal rettast til fotballgruppa og behandlast der.

3. FOTBALL - EIT LAGSPEL BÅDE PÅ OG UTANFOR BANA

Alt arbeid og all aktivitet i Bjørgum IL skal vera prega av lagspel, samarbeid og inkludering. Ein ynskjer å utvikle individet i gruppa, men søken etter å verta gode fotballspelarar skal aldri gå ut over det å verta gode menneske. Individet er viktig for gruppa og gruppa er viktig for individet.

Fair play er ein sentral faktor i Bjørgum IL - fotball, og me er ein **Fair play** klubb. Dette inneber at alle spelarar, trenarar, lagleiarar, dommarar, føresette/foreldre,



besteforeldre, publikum og andre innan fotballen på Bjørgum, har eit ansvar for å opptre i tråd med NFF sine verdiar for Fair play.

Når me ynskjer å skapa eit godt og trygt tilbod til fotballspelande born og unge på Bjørgum og i nærområda, er det er viktig å ha med seg at lagspel og Fair play strekk seg utover det som skjer på bana. I praksis tyder det at det å vera del av eit fotballag, som spelar/foreldre/føresette/eller frivillig, inneber konsekvensar. Desse konsekvensane er konkretisert i kap.6.

All aktiviteten i Bjørgum IL er tufta på frivilligheit og dugnadsarbeid, og alle som er tilknytt idrottslaget er del av eit fellesskap som gjer det mogeleg for born- og unge å halde på med idrotten sin. For å setja ord på nokre av områda der det krevst frivillig innsats så nemner me påmelding av lag i seriar og cupar, planlegge og gjennomføre trening og kamp, kurs og oppfylgjing av trenarar og domarar, fordeling av treningstider, baneleige, vedlikehald av bane og klubbhus, kjøp av drakter, ballar og anna treningsutstyr samt mykje meir.

Bjørgum IL er opptatt av at økonomi aldri skal vera ein faktor som hindrar nokon frå å delta på våre aktivitetar, noko treningsavgifta skal avspeigla. Då lyt styret i idrottslaget til ei kvar tid stå fritt til å velgja kva tiltak som skal gjerast for å få inn nødvendige midlar. Det er viktig at alle forstår at dugnad er heilt nødvendig for å drifta idrottslaget, og det er heilt naudsynt at alle deltek på dugnad når ein sjølv eller borna er medlem i Bjørgum IL.

I tillegg til å vera økonomisk innbringande er dugnad sosialt og kjekt, og det styrkjer klubbkjensla. Å oppdra borna til at dugnad vert ein naturleg del av det å delta i idrett bidreg til auka me-kjensla og at kvar og ein er viktig for felleskapet.

Dugnad er lagspel utanfor bana!

4. SPORTSLEG ORGANISERING

Det fellesskapet som alle i Bjørgum IL er ein del av vert leia av Årsmøtet. Årsmøtet vel vidare eit sett av personar til å leia idrottslaget, Styret, og denne leiinga har både eit sportsleg og eit økonomisk ansvar.

4.1 ÅRSMØTE

Årsmøte er klubbens høgste organ. Årsmøtet skal avhaldast innan utgangen av mars året etter gjeldande år, og alle med innløyst medlemskontingent i føregående år har stemmerett på årsmøtet. Årsmøtet stemmer fram styret for klubben etter gjeldande vedtekter.



4.2 STYRET

Det einskilde styremedlem skal med sin kompetanse og arbeidsinnsats medverka til at drøftingar og avgjersler i dei enkelte sakene styret handsamar, vert gjort til det beste for klubben.

Styret har overordna beslutningsrett for den sportslege satsinga, og vel representantar til fotballgruppa og skigruppa.

4.3 FOTBALLGRUPPA

Fotballgruppa v/ leiar er øvste ansvarleg for den sportslege satsinga i Bjørgum IL - Fotball, og er vald av styret i Bjørgum IL.

Fotballgruppa er ansvarleg for all fotballrelatert aktivitet, og har hovudansvar for:

- Utarbeiding av årshjul
- Rapportering og tilbakemelding til styret i høve aktivitet og oppfylgjing av Sportsplan
- Utarbeida årsplan og årsmelding
- Organisera fotballaktiviteten i klubben på ein slik måte at målsetnadane og verdiane i Sportsplanen vert etterlevd
- Innkalla til trenarsamlingar med fagleg påfyll
- Tilretteleggja for utdanning og utvikling av trenarar
- Tilretteleggja for utdanning og oppfylgjing av domarar
- Vurdera og fylgja opp rekrutteringstiltak
- Oppretthalda dialog med samarbeidsklubbar^{*1}

¹ Bjørgum IL skal, ved å ha kontinuerleg kontakt med mogeleg samarbeidsklubbar, så langt det let seg gjere etablere eit fotballtilbod i *alle* årstrinn i barnefotballen, samt så mange årstrinn som mogeleg i ungdomsfotballen. Etablering av samarbeidslag skal være klubbstyrt.



4.3.1 FAIR PLAY GRUPPA

Som nemnt innleiingsvis skal me i Bjørgum IL jobba målretta i tråd med NFF sin visjon og verdiar. Fair play skal vera ein del av alt me gjer i idrottslaget, og det å ha gjensidig respekt, vera gode medmenneske og rollemodellar samt syne gode haldningar, skal vera ein del av fotballkvardagen vår. Gjennom positive og konkrete tiltak (utøva respekt for med/motspelarar, dommarar, lage venereglar/haldningskontraktar, ha kampvert osv) vil me forsterka det gode fotballmiljøet i grenda vår. Det overordna ansvaret for dette har Fair play gruppa med Fair play- ansvarleg i spissen. Denne gruppa er sett ned av Fotballgruppa og målsetjinga er at dei skal skape ein kultur- og eit miljø i Bjørgum IL som er tufta på verdiane i Sportsplanen. Desse verdiane skal ein sjå att i haldningane- og åtferda til alle som er medlemmar av idrottslaget, og dei skal gjennomsyra all aktiviteten vår. Dei konkrete oppgåvene knytt til Fair play delegerer gruppa vidare til personar tilknytt laga. Alle spelarar og personar knytt til lag frå Bjørgum IL skal representere idrottslaget i god Fair play ånd, og *alle* har eit ansvar for å påverka til endring av haldningar i tilfelle der ein kjenner på manglande respekt og toleranse. Alle spelarar som spelar i 13 årsklassen og oppover, samt alle trenarar, må gjennomføre digitalt Fair Play kurs frå NFF.

5. MÅL OG OVERORDNA RETNINGSLINJER

Hovudmålet for Bjørgum IL - Fotball er å gje eit godt tilbod som mogeleg til alle som vil spela fotball på Bjørgum og i nærområdet. Som breiddeklubb ynskjer me å skapa trygge rammer for aktiviteten, og

Flest mulig, Lengst mulig og Best mulig,

skal ha ein sjølvstendig plass i fotballen.

At Bjørgum IL har ei slik målsetjing inneber at me ynskjer å legge til rette for utvikling både for spelarar og trenarar. Alle trenarar i idrottslaget vil få tilbod om aktivitetsleiarkurs og trenarkurs. Idrottslaget skal oppfordra alle til å gjennomføra kursa, og kostnadane vert dekkja av Bjørgum IL. Trenarar som ynskjer vidareutdanning skal oppmuntrast av klubben til å gjennomføra denne.

Alle lag skal gjennomføra foreldremøte minst 2 gonger pr. sesong. På desse møta pliktar foreldre/føresette å representere borna sine så lenge dei ynskjer at dei skal vera medlemmer i Bjørgum IL. På minst eit av foreldremøta skal Sportsplanen verta gjennomgått slik at både spelarar og foreldre vert gjort kjent med innhaldet, og kva det inneber å vera medlem i Bjørgum IL.



Alle vaksne som er involvert i Bjørgum IL sine lag skal signere politiattest.

5.1 HOVUDMÅL OG RETNINGSLINJER FOR BARNEFOTBALL

For aldersgruppa 6-12 år gjeld NFF sine retningslinjer for barnefotball, med «fotballglede, mogelegheiter og utfordringar for alle» som visjon og med verdier som tryggleik, glede, respekt, likeverd og å vera gode medmenneske i botn.

Hovudmål for barnefotballen er å gje så mange som mogeleg eit fotballtilbod og ei fotballoppleving prega av tryggleik, meistring og trivsel gjennom både trening og kamp. Samt deltaking i eit sosialt og trygt lags- og klubbmiljø.

5.2 HOVUDMÅL OG RETNINGSLINJER FOR UNGDOMSFOTBALL

Ungdomsfotballen, 13-19 år, i Bjørgum IL er òg tufta på NFF sin visjon og verdier som nemnt innleiingsvis. Hovudmålet for ungdomsfotballen er å gje så mange som mogeleg eit fotballtilbod og ei fotballoppleving prega av tryggleik, meistring og trivsel gjennom både trening og kamp. Samt deltaking i eit sosialt og trygt lags- og klubbmiljø.

Eit likestilt mål for denne aldersgruppa er å tilretteleggja for aktivitet på spelarane sine premisser slik at færre vel bort fotballen, og dermed er aktive så lenge som mogeleg.

Bjørgum IL - Fotball ynskjer i samråd med dei andre klubbane i sona, å gje eit fotballtilbod til ungdomar som vil ha det moro med fotball på eit høveleg nivå. Dette stiller krav til at idrottslaget tek initiativ overfor andre klubbar når dei vert gjort merksame på at det kan vera behov for samarbeid for å skape eit tilbod. Vidare stiller det krav til at trenarar/lagleiarar og foreldre gjer idrottslaget merksam på ei slik problemstilling i god tid, samt at alt samarbeid med lag utanfor Bjørgum IL skjer i samråd med fotballgruppa/styret.

Fotballgruppa/styret er svært positive til samarbeid i treningsarbeidet både mellom laga i klubben samt ev. tilsvarande lag i andre klubbar- og idrottslag.

5.3 Samarbeidsavtale

For å gje born og unge på Voss eit best mogleg fotballtilbod har alle idrottslag/ klubbar i Voss herad signert ein samarbeidsavtale i årskulla 10-16 år. Avtalen gjev moglegheit til å etablere samarbeid på tvers av klubbgrensene når ein ser at dette er naudsynt for å ivareta kjekk og god fotballaktivitet. I praksis vil det seia at dersom ein klubb ikkje har moglegheit til å etablere lag i eit årskull kan klubben etablere samarbeid med andre klubbar som er omfatta av avtalen.



Etablering av samarbeidslag og samarbeid om eit trenings- og kamptilbod mellom klubbar skal alltid gå gjennom klubbleiing.

Hovudmålsetnadane med eit klubbstyrt samarbeid er å hindra for tidleg fråfall frå fotballen i heile heradet og oppretthalda tilbod lengst mogleg i den klubben dei unge fotballspelarar soknar til. Ein ynskjer vidare å auka aktiviteten på dei ulike anlegga i bygda, samt etablera gode relasjonar på tvers både på klubb- og lagsnivå.

Ei styringsgruppe med representantar frå alle klubbane har, med oppfylgjing frå NFF Hordaland, nedsett retningslinjer for korleis samarbeidet skal utøvast.

Ein finn samarbeidsavtalen på nettsida til Bjørgum IL.

5.4 HOVUDMÅL OG RETNINGSLINJER FOR SENIORFOTBALL

Bjørgum IL - Fotball har ingen målsetjing om å etablera lag i seniorklasse korkje for damer eller herrar. Skulle det koma innspel til Fotballgruppa om oppstart av seniorlag vil dette verta sett positivt på av idrottslaget.

Kva målsetning som skal liggja til grunn for seniorfotball vil ein revidert Sportsplan i så tilfelle seia noko om.

6. VISJON OG VERDIAR I PRAKSIS

Deltaking i Bjørgum IL – fotball fører, som nemnt, til konsekvensar for spelarar, trenarar, lagleiarar og alle involverte rundt laga. Gjennom Sportsplanen ynskjer Bjørgum IL å hjelpe kvar enkelt med å utføre sine oppgåver i tråd med visjon, verdiar og målsetjing fastsett av idrottslaget. I det følgande vert desse oppgåvene konkretisert:

6.1 SPELAREN

Spelarane i Bjørgum IL skal få moglegheit til å utvikle seg både som spelarar og menneske. Dette inneber at dei skal oppmuntrast til å vera nysgjerrige og spørjande, og dei skal lære seg til å ta ansvar for seg sjølv, for laget og for omgivnadane. Det er viktig å bry seg, og det er viktigare å vera «best på å gjera vårt beste» enn å vinna kvar kamp. Konkretisering av spelarane sine oppgåver er beskrive under, og spesielt i barnefotballen er det viktig å hugse på at foreldre/føresette er avgjerande faktorar for at spelarane kan nå desse måla:



- Møt presis til trening og kamp, du har ansvar både for deg sjølv og laget
- Gje beskjed dersom du ikkje kan på trening og kamp, og dette i god tid så sant det let seg gjera (hugs å nytta terminlista til planlegging)
- Vær budd til trening og kamp, ha kontroll på utstyret ditt som leggskin, fotballsko, flaske og drakt
- Vær ein positiv faktor på trening, kamp, og i det sosiale miljøet rundt laget og idrottslaget
- Støtt medspelarar og trenarar/lagleiarar
- Sjå til at du nyttar tida på trening til det beste for deg sjølv og lagkameratane/venninnene dine, ikkje vær ein «tidstjuv»
- Føl «venereglar» og/eller «haldningskontrakt» inngått med Bjørgum IL
- Hugs at spelarar frå Bjørgum IL ALLTID skal kjenneteiknast ved gode haldningar og verdiar. Me: gjennomfører Fair play helsing – rydder etter oss, både på heime- og bortebane – respekterer dommarane – respekterer motstandaren
- Klubben oppfordrar alle spelarar 10 og 11 år om å delta på kulltrening som vert arrangert på tvers av klubbane i Voss herad.
- Klubben tilrettelegg for og tilbyr fotballskule/sonetrening for aktuelle spelarar i 12 årsklassen
- Alle spelarar som spelar i 13årsklassen og oppover må gjennomføre digitalt Fair Play kurs som ligg på minidrett.no.
- Mobilbruk er ikkje tillatt i trening og kamptid.
- Fair Play – ALLTID!

6.2 TRENAREN

Trenaren skapar tryggleik gjennom å vere tydeleg, føreseieleg og ved å alltid ha eit smil på lur. Trenaren skapar trivsel gjennom ei rettleiande og spørjande tilnærming til fotballaktiviteten. Trenaren skapar tilhøyring gjennom engasjement, omsorg og ved å ha eit blikk og omsut som strekkjer seg utover eige lag og ser heile klubben.

Trenaren pliktar å arbeide lojalt i høve idrottslaget sine interesser, samt følge retningslinjene i Sportsplanen. Dersom trenaren er i tvil om korleis Sportsplanen skal tolkast skal trenaren ta kontakt med Fotballgruppa for avklaring. Konkretisering av trenaren sine oppgåver er beskrive under:

- Trenaren skal ikkje nytte rusmidlar i samband med trening og kamp
- Trenaren skal som hovudregel vere ute i god tid og ha økta klar til spelarane kjem, situasjonar kan oppstå som utfordrar dette – nytt då andre ressursar til igangsetting om mogeleg



- Treningsøkta skal være i gang når laget har oppsett treningstid
- Trenaren skal legge til rette for morosame og varierte treningar
- Trenaren skal ha ein plan for kva ferdigheiter ein skal bli betre på, både individuelt og som lag, kortsiktig og langsiktig.
- Trenaren skal gje mykje ros og jobbe for å skape eit godt miljø der det er lov å feile
- Trenaren skal ikkje kritisere, men fremje utvikling gjennom konstruktiv og positiv rettleiing
- Trenaren må tilpasse kommunikasjon til kva for eit alderstrinn borna er på
- Trenaren skal innføre struktur og gode haldningar, tydeleg retningslinjer for oppmøte, pausar og avslutning av økta skapar tryggleik
- Topping av lag skal ikkje skje i barnefotballen
- I barnefotball skal alle ha like mykje speletid over tid, nytt sunn fornuft
- I ungdomsfotball kan treningsoppmøte og innsats være med på å styre speletida
- Trenaren i barnefotball skal la spelarane rullere på posisjonar- dette er utviklande
- Born hugsar best det dei ser, ikkje det dei høyrer – å synleggjere budskapet ditt i økta ved å nytte øvingsbilete/vise er ei god tilnærming
- Ha eit ynskje om å utvikle deg som trenar, møt opp på faglege fora i regi av idrottslaget og delta på kurs
- Trenaren skal saman med lagleiar ha god oversikt over ballar, vestar og anna utstyr
- Sjå til at det ligg fyrstehjelpsutstyr, keeperhanskar, keeperdrakt og ev. caps i bagen på trening, kampar og cupar.
- Ta initiativ til Fair play-møte med dommar og trenar til motstandarlaget før kvar heimekamp
- Saman med lagleiar sjå over serieoppsettet og vurdere om kampar må flyttast
- Trenaren skal gje spelarane tid og rom til andre fritidsaktivitetar
- Som trenar er det viktig å sjå spelaren som menneske både på og utanfor bana
- Dersom ein trenar ikkje er lojal mot sportsplanen skal fotballgruppa bli involvert for rettleiing og evt. vurdering av trenarrolla
- Mobilbruk er ikkje tillat under trening og kamp. Ta også opp temaet om mobilbruk ved kjøring til og frå kamp, ilag med lagleiar
- Alle trenarar skal framvise politiattest til politiattestansvarlig
- Alle trenarar må gjennomføre trenarattest på minidrett.no
- Alle trenarar må gjennomføre digitalt Fair Play kurs på minidrett.no



Bjørgum IL skal legge til rette for at alle trenarar som ynskjer det får tilbod om kurs- og utdanning, samt arrangere faglege samlingar gjennom sesongen for alle trenarar tilknytt idrottslaget. Klubben legg til rette for og oppfordrar alle trenarar til å ta grasrottenarkurs, særleg del 1.

6.3 LAGLEIAREN

Lagleiar er bindeleddet mellom foreldre og fotballgruppa, og er ein viktig støttespelar for trenarane. Saman med trenarane skal Lagleiaren bidra til å skape eit trygt og godt miljø rundt laget, dette m.a gjennom å ta initiativ til å verta kjent med alle spelarane både på og utanfor bana. Konkretisering av lagleiaren sine oppgåver er beskrive under:

- Lagleiar har ansvar for at all naudsynt informasjon kjem ut til spelarar, trenarar og foreldre/føresette
- Lagleiar skal sette opp fordeling av trivselsvakter blant foreldra dersom trenarane har behov for det
- Lagleiar skal sende spelarliste til fotball@bjorgumil.no ved sesongstart og oppdatere denne ved endringar på laget eller ved skifte av trenar/lagleiar.
- Lagleiar skal kontakte oppsett dommar dagen før heimekamp
- Lagleiar skal, saman med trenar, sjå til at det vert sett opp bane når laget har heimekampar. Dvs. å hjelpe trenar med å merke opp bana og setje på plass mål, samt sjå til at alt vert rydda når kampen er ferdig
- Lagleiar fordeler ansvar som «Kampvert» til foreldre på alle heimekampar, sjå til at FairPlay-vest og «kampvertkort» ligg tilgjengeleg i kampbaggen
- Lagleiar tek imot motstandarlaget, ynskjer velkomen og takker ved kampslett
- Lagleiar skal delta på møte med fotballgruppa når ein vert innkalla til dette
- Lagleiar skal, saman med trenarar, sjå over serieoppsettet og vurdere om kampar må flyttast
- Ta ansvar for å laga køyrelister til bortekampar der det er naudsynt
- Ved deltaking på cup og serieturning; melde på og sende inn lagslister til arrangørklubben eller til leiar i fotballgruppa dersom det er felles påmelding for klubben. NB: hold tidsfristar!
- Saman med trenarar ha god oversikt over ballar, vestar og anna utstyr.
- Ta ansvar for å skaffe drakter, keeperdrakter og keeperhanskar til laget i god tid før sesongstart når dette vert initiert av utstyrsansvarleg i Bjørgum IL
- Ta ansvar for å levere nyvaska drakter i klubbhuset ved sesongslutt
- Informere foreldre i høve dugnadar osv.
- Fylle ut skadeskjema dersom ein slik situasjon oppstår



- Være ansvarleg, saman med trenarar, for å arrangere ein form for sosial tilstelling som avslutning på sesongen for laget, og gjerne fleire gonger gjennom sesongen
- Mobilbruk er ikkje tillat under trening og kamp. Ta også opp temaet om mobilbruk ved kjøring til og frå kamp, ilag med trenar
- Sjå til at foreldregruppa er samd om reglar når det gjeld å nytte sosiale media til kommunikasjon jmf. Personvernlova (sjå pkt. 15)
- Delta på lagleiarmøte arrangert av Hordaland Fotballkrets før serien startar
- For 10 til 12 årsklassen skal det førast kampresultat i min fotball

For lagleiarar i ungdomsfotballen (frå 13 år)

- Vera ansvarleg for at det vert sendt inn kampskjema til Hordaland Fotballkrets (FIKS)

6.4 DOMMAREN

Som dommar i Bjørgum IL skal ein kjenne seg trygg på at idrottslaget stimulerar og oppmuntrar ein til å stola på sine avgjerelser og dømmer med tydelige signal. Dommaren er sjef i kampen. Dommarane gjer så godt dei kan! Alle kan gjere feil, men dommaren si avgjerdsle gjeld.

Oppgåver og plikter dommarane skal forhalda seg til:

- Møte presis og klar til tildelte kampar.
- Dømme med tydelige signal og stå for avgjerelsane sine.
- Gi beskjed i god tid om ein ikkje kan dømme tildelte kampar, fortrinnsvis bytte kamp med ein annan dommar.
- Oppsøkja og helsa på trenarar på begge lag før kampstart, og delta på Fair Play møte før kampstart.
- Halde orden på tildelt utstyr, drakt/fløyte/stoppeklokke og bruke dette.
- Halde orden på kampar ein har dømt og levere inn lister for kamphonorar.
- Delta på dommarsamlingar.

Sjå forøvrig pkt. 11 DOMMARAR

6.5 KAMPVERT

- Alle kampar i Bjørgum IL skal ha Kampvert
- Lagleiar skal fordele denne oppgåva på foreldre



- Kampverten si hovudoppgåve er å vere vertskap for det gjestande lag og skape ei sosial og trygg ramme før, under og etter kampen som er prega av Fair Play sine prinsipp og verdiar.
- Kampverten har på gul kampvert-vest.
- Kampverten skal vere til stades og synlig under heile arrangementet.
- Kwart lag skal ha sin kampvert-vest og instruks, denne vert utdelt saman med anna utstyr ved sesongstart.

6.6 KIOSK- OG MARKNADSNEMDREPRESENTANT

I Bjørgum IL er Kiosk- og marknadsnemda ei viktig nemnd for å halde kioskaktiviteten i gang, deriblant å gjennomføre den store Fotballmarknaden etter sesongen. Dette er viktige tiltak både i høve økonomi, men ikkje minst for å skapa eit godt og positivt miljø rundt Bjørgum IL fotball. Representantane i nemnda skal vera bindeleddet mellom foreldregruppa og Kiosk- og marknadsnemda. Konkretisering av kiosk- og marknadsnemdsrepresentanten sine oppgåver er beskrive under:

- Fordele kioskvakter på foreldre/føresette gjennom sesongen
- Delta på møter i Kiosk- og marknadsnemda
- Nemnda skal være representert i arrangementskomiteen for Serieturneringa Bjørgum IL ynskjer å ha for dei yngste laga i og rundt Voss kvart år
- Arrangere fotballmarknad i oktober saman med resten av nemnda

6.7 FORELDRE/FØRESETTE

Foreldra og føresette er dei viktigaste støttespelarane og bidragsytarane for å skape god aktivitet for alle involverte i idrottslaget. Den viktigaste rolla ein har er å verke forsterkande på borna sin aktivitet. Foreldra/føresette må vite kva reglar som gjeld for laga og idrottslaget, og sørge for at desse vert overhalde. Me ynskjer at foreldre/føresette skal vera støttande, legge til rette og gje ros. I barnefotballen vil me sjå dei på treningsfeltet, som kjegleflyttar, for å gje ros, for å blåse på såret og for å hjelpe trenarane med å skape ro og struktur på treningane. I ungdomsfotballen er det viktig at foreldra/føresette ikkje gløymer at sjølv om ein er blitt ungdom så betyr ikkje det at ein ikkje framleis treng støtte, rettleiing og oppfølging.

Som føresette og foreldre kan du bidra til å gjere barne- og ungdomsfotballen til ei god oppleving. Å ha born som spelar fotball i Bjørgum IL inneber konsekvensar og her er nokre hugsereglar:

- Møt fram til kamp og trening - borna ynskjer det
- Hald deg oppdatert på den informasjonen som kjem frå trenar, lagleiar og klubb



- Høyr med trenarane om han/ho treng hjelp eller ynskjer å leie borna åleine under treningsøkta
- Gje oppmuntring til alle spelarane under kampen - ikkje berre di dotter eller son
- Oppmuntre i medgang og motgang - ikkje gje kritikk
- Respekter trenar og lagleiar si bruk av spelarar - ikkje prøv å påverke under kampen
- Sjå på dommaren som ein vegleiar- ikkje kritiser avgjerslene hans/hennar
- Stimuler og oppmuntre bornet ditt til å delta - ikkje press
- Spør om kampen var morosam og spennande - ikkje berre om resultatet
- Sørg for rett og fornuftig utstyr - men ikkje overdriv
- Vis respekt for arbeidet klubben gjer - ta initiativ/delta på foreldremøte
- Prøv å ta på deg verv og oppgåver på og rundt laget/laga – det er moro og sosialt!
- Hugs at alle trenarar/lagleiarar/kiosk- og marknadsansvarlege, og dei med styreverv i Bjørgum IL, driv med kontinuerleg dugnadsarbeid for at også ditt born skal ha ein aktivitet å gå til – **still opp på dugnad når du vert kalla inn til dette!**
- Tenk på at det er borna som spelar fotball - ikkje du

Hugs at borna gjer som du gjer – ikkje som du seier

7. ORGANISERING AV LAG I BARNEFOTBALL

Aktiviteten i barnefotballen i Bjørgum IL skal hovudsakleg organiserast ut i frå alder. I tidleg alder er det store forskjellar i modning og utvikling, og det er svært vanskeleg å sjå føre seg kven som vil verta ein god fotballspelar i framtida. Fotballgruppa ynskjer likevel at ein nyttar differensieringsaspektet i øktene sine. Det skal då fokuserast på at kvar einskild skal oppleve mestring og utfordring i ein god balanse på enkeltøktene og over tid (dømer på korleis ein kan løyse dette finn ein i heftet "Øvingsbank Bjørgum IL-fotball"). For å få gode treningar er det òg ynskjeleg at ulike lag innad i klubben samarbeider på tvers av alder og kjønn.

Idrottslaget skal legge til rette for at einskilte spelarar som er motiverte for det skal få eit tilbod utover laget sine fastsette treningar.

Alle lag som startar opp i barnefotball skal ha minst 2 trenarar og 2 lagleiarar, dette for å sikre nok vaksne i gruppa rundt laget.

Idrottslaget ynskjer òg at ein, særskilt i store kull/grupper, lager liste over «trivselsvakter» som kan bidra på trening. Ved at dei vaksne rullerer på denne



oppgåva sikrar ein at det til ei kvar tid er nok vaksne på feltet, samt at dette er ein unik moglegheit til å verta kjent med dei borna som eigne born er med til dagleg.

Alle fyrsteklassingar vil få ei startpakke når dei melder seg inn som spelarar i Bjørgum IL.

Alle nye spelarar, uansett alder, får treningsoverdel og ball.

I det fylgjande kjem retningslinjer for korleis ein kan tilstreba at alle born i barnefotballen skal få moglegheit til å oppleve fotballspel tilpassa eige utviklingsnivå i trening og kamp:

7.1 BARNEFOTBALL ER LEIKBETONT

Barnefotballen er borna sitt fyrste møte med organisert fotball i form av at ein har drakter og spelar på banar. Hugs at dette skal vera leik og ikkje blodig alvor. Alvoret kjem tidsnok og fyrsteintrykket betyr mykje, kanskje alt, for at borna skal finne gleder av og få ei framtid med fotball.

Lat borna ha det moro og lat resultatet vera underordna. Det viktigaste resultatet du kan oppnå er nøgde born som byggjer venskap gjennom samhandling.

7.2 DET VIKTIGASTE ER Å VERA SAMAN MED VENER

Borna søker fyrst og fremst til fotballen for å vera saman med vener. Det er dette samhaldet me skal framelska, og det er slikt samhald som skapar lagånd. Lat difor vener trena saman og spela på same lag.

7.3 ALLE SKAL SPELA LIKA MYKJE

Ingen vert betre av å sitja på benken og alle tykkjer det er moro å spela. Lat alle spela like mykje og lat alle etter tur få spela frå start. Lat òg alle få spela på ulike plassar. Trivselen og ferdigheitsutviklinga er vitigare enn resultatet, sjølv om alle tykkjer det er moro å vinna og å scora mål.

Hugs at det er ingen som veit kven som vert best som vaksen.

7.4 LÆR BORNA Å TOLA BÅDE SIGER OG TAP

Barnefotballen er for alle. Ingen er for dårleg og ingen er for god. Det er difor viktig å byggja på prinsippet om jamnbyrdig motstand både i kamp og trening. Det er ikkje utviklande korkje å tapa eller å vinna tosifra. Fotball er eit lagspel der alle tapar og alle vinn. Ein siger tek kvar einskild med seg heim og eit tap vert delt av alle.



Ta siger og tap med fornuft. Tåler dei vaksne å tapa, lærer borna det også.

7.5 TRENING OG KAMP

Born bør trenar meir enn dei spelar kampar. Dei bør oppmuntrast til eigenorganisert aktivitet, og dette gjer ein best ved å ha morosame treningar.

Legg opp til eit kampprogram som varierer mellom "seriekampar" og cupar/turneringar.

7.6 BARNEFOTBALL ER ALLSIDIG AKTIVITET

Gjennom fotball får born moglegheit til å utvikla grunnleggjande motoriske ferdigheiter som til dømes å gå, springa, hoppa, kasta og sparka. Fotball for born er difor allsidig.

Bjørgum IL er særst positive til at borna ynskjer å driva med andre idrettar i tillegg til fotballen og vil bidra med tilrettelegging for dette. Dei ulike tilboda må difor koordinerast.

7.7 FOTBALL ER EIT SPEL

Spelet er sjølv kjernen i fotball, og på Bjørum ynskjer me at fotball skal *spelast* og ikkje *sparkast*. Bruk øvingar som er motiverande for utvikling av lagspelet, ha fokus på antal berøringar av ballen og pasningsøvingar med fart i både ball og bein. Unngå lange køar ved ferdigheitsøvingar, sett heller opp fleire øvingar parallelt.

Moro og utviklande er stikkorda.

7.8 TRIVNAD FOR LITEN OG STOR

Eit viktig mål er at alle utviklar sine ferdigheiter og ser framgang, men det skal òg leggjast vekt på å læra dei å innordna seg i ei gruppe. Dei vaksne skal styra trening og kamp slik at borna får oppmuntring og rettleiing, og gjera det dei kan for at borna trivst.

Hugs at du som vaksen er eit førebilete, og at born har ei eiga evne til å gjera som du gjer og ikkje som du seier.

7.9 CUPAR

Me ynskjer i utgangspunktet at alle lag deltek på Voss Cup, samt Vårslepp Cup/Eideshagen Cup. Cupar er sosialt og moro og, for mange, høgdepunkta i gjennom



ein sesong. Fotballgruppa ser det som særst positivt at lag ynskjer å delta på fleire cupar gjennom sesongen enn dei som er nemnt over.

Idrottslaget betalar påmeldingsavgift til Cup for laget, og for helge- og vekecupar dekkjer eit òg eit reisetilskot etter satsar fastsett av Styret, samt A-kort for trenar/lagleiar.

8. ORGANISERING AV LAG I UNGDOMSFOTBALL

Bjørgum IL er ein liten klubb og vil som regel ikkje ha meir enn eit lag i kvar årsklasse. Ungdomsfotballen skal organiserast slik at flest mogeleg deltek og gjev oss moglegheit til å stilla lag, både i småjente-, jente-, smågut- og guteklassane.

Ein bør ha minimum to fellestreningar i veka gjennom sesongen i tillegg til kampar, og desse treningane bør ha fokus på ferdigheiter med ball og utvikling av spel.

Utøvarane bør vidare oppmuntrast til eigentrening der fysikk og kondisjon vert prioritert. Denne eigentreninga kan vera eit samspel mellom trenar og utøvar, der ein lagar eit eigentreningsprogram tilpassa kvar enkelt utøvar.

Fotballen skal framleis ha hovudfokus på å ha det moro og at alle skal få spela, men trenaren står friare enn i barnefotball. Dei som møter på kvar trening, syner interesse og tek ansvar for eige utvikling gjennom eigentrening kan premierast med meir speletid.

Haldningar er ein viktig del av Bjørgum IL - Fotball sin strategi for å utvikla gode utøvarar og menneske, skape samhald og å påverka dei til å verta gode førebilete. Trenaren har ansvar for å leggja til rette for gode haldningar og respekt for med- og motspelar, trenarar, domarar og andre involverte i fotballen. Trenar skal mellom anna kunna krevja at utøvar seier i frå om dei ikkje møter på trening.

Bjørgum IL ynskjer å stimulera til samarbeid mellom idrettane i grenda og på Voss, for å bidra til allsidige utøvarar. Etter avtale kan ein utøvar difor fristillast frå enkeltøktar om desse kjem i konflikt med ein annan aktivitet utøvaren driv.

Fotballgruppa oppmodar alle lag til å delta på minst ein cup og vil kontinuerlig vidaresenda informasjon vedrørande ulike cupar til lagleiarane. Aktuelle cupar kan vera Dana Cup, Norway Cup, Lerum Cup, Ål Cup, Sandar Cupen, Regy Cup.

Idrottslaget betalar påmeldingsavgift til Cup for laget, og for helge- og vekecupar dekkjer ein òg eit reisetilskot etter satsar fastsett av Styret, samt A-kort for trenar/lagleiar.



Ved tvistar vedrørende organisering av lag skal fotballgruppa ta avgjersler.

Alle nye spelarar får eigen ball og treningsoverdel.

9. HOSPITERING OG BRUK AV SPELARAR

Med hospitering meiner me at spelaren med gode ferdigheiter og haldningar, og som er moden nok, deltek i trening og kamp med eldre lag evt. andre klubbar. Bakgrunnen for hospitering er å gje motiverte spelarar moglegheit til å trenar med utøvarar som kan utfordre den aktuelle spelaren til å utvikle seg meir enn det den ville gjort i det laget ein er tilhøyrande jmf.alder. Vurderingar rundt hospitering vert gjort på grunnlag av kva som er best for spelaren– ikkje laget. Idrottslaget vil leggja til rette for at denne forma for hospitering kan skje der det er mogeleg.

I ein liten klubb som Bjørgum IL kan det frå år til år vera ei utfordring å etablere lag då tal spelarar på eit lag ofte er mindre enn ynskjeleg. Det vil då verte aktuelt å samarbeide om spelarar på tvers av årskulla for å kunne stille lag. Har eit eldre lag behov for å låne spelarar av eit yngre lag, skal dette skje i form av rullering. Det er svært viktig at spelarane, særskilt i starten, ikkje deltek enkeltvis, men dei skal minst vera 2 som vert nytta samstundes. Trenaren på laget spelaren kjem frå avgjer kven som skal rullere, og denne rulleringa skal baserast på spelaren sine ferdigheiter og modningsnivå. Det er då særskilt viktig å ha i mente at ein skal ta val ut i frå kva som er best for spelaren og ikkje laget. Ein skal òg alltid vurdere belastning i høve trening og kamp med eige lag. Alternativt må Fotballgruppa beslutte å slå saman heile årstrinn for å sikre at alle som ynskjer å spele fotball på Bjørgum får eit tilbod.

Dersom Bjørgum IL ikkje kan tilby nok utfordringar i eigen klubb kan det verta aktuelt for einskilde spelarar i ungdomsfotballen å hospitera på trening hjå andre klubbar i området. Ei slik hospitering skal alltid konfererast med Fotballgruppa før ein set i gang med tiltaket. Hospiteringa skal avtalast mellom opprinneleg trenar og aktuell hospiteringsklubb i samråd med spelar og denne sine foreldre/føresette, og ikkje direkte mellom «ny» trenar og spelar/foreldre.

Ved usemje skal Fotballgruppa rådførast og koma med føringar.

10. KEEPERTRENING OG UTVIDA AKTIVITETSTILBOD

Bjørgum IL - Fotball har som mål å gje tilbod om minst 1 keepertrening vår og 1 keepertrening om hausten til alle keeperar (og andre som ynskjer) i både barne- og ungdomsfotballen. Tilbodet vil minimum gjelda frå utandørssesongen startar og fram til banetilhøva ikkje tillèt aktivitet.



Keeperar både i barne- og ungdomsfotballen bør delta på aktuelle keeperskular gjennom sesongen, for motivasjon og utvikling.

Bjørgum IL skal leggja til rette for treningssamarbeid på tvers av klubbar for dei mest ivrige.

11. DOMMARAR

Hovudmålet til Bjørgum IL - Fotball er å utdanna nok dommarar til å tilfredstilla behovet for dommarar i eigen klubb. Fotballgruppa ynskjer å skapa eit miljø i klubben for dommarane som gjer at dette er ei kjekk og motiverande oppgåve, som ein kan utøve med sjølvtilit med støtte frå idrottslaget. Nye dommarar får tilbod om å gjennomføre Klubbdommarkurs, og ein har ei målsetjing om å motivera dommarar til å gjennomføre rekrutteringsdommarkurs når dei er modne for det. Gjennom sesongen vil det verta gjennomført 1 til 2 dommarsamlingar lokalt for klubben sine dommarar. Idrottslaget dekkjer utdanning av dommarar og nødvendig utstyr.

Dommarane får eit honorar per dømte kamp. Bjørgum IL nyttar Hordaland fotballkrets sine satsar på dommarhonorar.

12. ANLEGG OG UTSTYR

Bjørgum IL vil tilby treningsfasilitetar som støttar arbeidet for å nå idrottslagets sosiale- og sportslege målsetjingar.

Frå tidleg vår til sein haust har me gode treningstilhøve for alle. Månadane frå november til mars kan by på utfordringar, men idrottslaget vil arbeida for å finna gode løysingar for å få gjennomført treningar også i denne perioden.

Skulen let idrottslaget nytta gymsalen, treningstider her vert sett opp av Fotballgruppa etter prioritert rekkefylgje. Ein vil kvar vinter søkje å finne alternativ til gymsalen for dei eldste laga (t.d Voss idrottshall).

Idrottslaget syter i utgangspunktet for alt nødvendig utstyr, og spørsmål i høve dette skal rettast til utstyrsansvarleg.

Alle vaksne som kjem innanfor grinda på banen vert rekna som førebilete og SKAL respektera reglane som gjeld for området.



13. SOSIALT SAMVÆR

Bjørgum IL ynskjer å delta på rulleringa av å arrangere serieturnering i sone Voss. Dette er veldig positivt mtp. å utnytte det flotte anlegget vårt, og vil vera eit arrangement som aukar samhaldet blant små og store i Bjørgum IL – fotball.

Idrottslaget vil med jamne mellomrom ta initiativ til ein felles tur til ein fotballkamp på høgare nivå, dette vere seg øvste eller nest øvste divisjon i dame- eller herrefotball.

Idrottslaget gjev eit tilskot til kvar spelar og inntil 2 leiarar til avslutningssamling etter enda sesong. Fotballgruppa oppmodar alle lag om å gjennomføra ei slik samling. Sats vert fastsett av styret i Bjørgum IL.

Sesongen vert avslutta med Fotballmarknad siste helga i oktober.

14. TRENARGODTGJESLE

Bjørgum IL har vedteke å innføre trenargodtgjersle for trenarar i ungdomsfotballen og for trenarar i barnefotballen som ikkje er tilknytt laget som forelder/føresett. Satsar for godtgjersle vert fastsett av styret.

15. SOSIALE MEDIA

Sosiale media som t.d Facebook, Messenger og Spond, er nyttige verktøy til kommunikasjon, og grupper her kan nyttast til beskjedar og organisering av laga sin fotballaktivitet. Desse kanalane må nyttast med fornuft og det skal ikkje føregå diskusjonar rundt enkeltpersonar eller grupper her. Misnøye skal takast direkte opp med trenar, lagleiar eller Fotballgruppa ev. styret i Bjørgum IL.

Jamfør Personvernlova er det viktig at alle som deltek i aktivitet i regi av Bjørgum IL får mogelegheit til å samtykke, ev melde tilbake at ein ikkje ynskjer at borna vert eksponert via sosiale media og ev. på lokale- eller offentlege nettsider. Lagleiar er ansvarleg for at dette vert teke opp med foreldre/føresette så fort som råd i inneverande sesong, dette skal også være eit fast punkt ved oppstartsmøte i 1. klasse.



16. REFUSJON AV UTGIFTER

Skjema «Utleggskjema Bjørgum IL» skal alltid nyttast for å få refundert utgifter ifm aktivitetar i Bjørgum IL. Ein kan nytte dette skjema på alle godkjende utgifter som ein har lagt ut i regi av klubben. Fyll inn relevant informasjon og legg ved kvittering på utgifter.

NB: Skjemaet skal også nyttast ved påmelding på cupar der Bjørgum IL skal betale påmelding og me ikkje mottek faktura frå arrangøren.

Skjemaet ligg på heimesida til Bjørgum IL, og kan lastast ned derifrå, ev.ta kontakt med kasserar (kasserar@bjorgumil.no).